

Søskentrioen sviktar ikkje

07.10.2012



Slappar av etter god innsats: Kurt Haugland, Lars Haugland, Marit Elise Haugland, Solbjørg Eikeland og Geir Eikeland. Alle unntatt Geir er frå Uskedalen.

Som ifjor var Lars Haugland, Marit Elise Haugland og Solbjørg Eikeland deltakarar i Kvinnheradløpet. Og kva har så dei til felles? Jau, dei er søsken og frå Uskedalen.- Vi stillar opp for å auke breidda i deltakinga,sa Lars etter målpasseringa omtrent midt i køen av dei 21 deltakarane.Han er bonde her i bygda medan dei 2 systrene hans bur i Sandnes,



Linnea Njåstad Rød som blir 2 år i desember nærmar seg mål! Dei som heier er Kjersti Rød Bråtun, bestemor Marit Alsaker og Kari Bråtun - samtlige er frå Uskedalen

Utan dei på deltakarlista hadde Sissel Bjørke frå Statoil vorte åleine i kvinneklassa dette året ettersom berre 3 stilte opp. Det

er ei kjelde til bekymring for arrangørane som må gjera noko for å auke deltakinga og særleg då i konkurranseklassa. Uskedalen hadde ein deltakar til blant mennene: Kurt Haugland har vore med i omtrent halvparten av 31 løp og denne gongen tapa han såvidt for Lars.

Sissel Bjørke vann på 44,49 medan Marit Elise Haugland hadde 49,06 og Solbjørg Eikeland 50,26. Lars Haugland sprang på 44,47 og Kurt Haugland på 45,15 medan vinnertida til Erlend Nymark Jensen frå Trio var 33,46.

Deltakinga frå Uskedalen i turklassa var relativt bra sjølv om det brukbare turveret burde ha lokka fleire også frå vår bygd til deltaking. Tilsaman var det 554 registrerte i turklassa i dag og det er det einkan kalla ei normal deltaking i dei seinare åra. Talet var omtrent det same som i fjor. I tillegg kjem 225 elevar som gjekk fredag og då deltok også ei klasse frå Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Staten går i konkurranseklasse



Familien Hjørnevåg fra Uskedalen tek fatt på dei 9 kilometrane



Lars Haugland går i mål, med vinnaren av kvinneklassen Sissel Bjørke like bak